

Ordensreglement for Emblem skule og SFO

Visjon:

Vi vil at Emblem skule og SFO skal vere ein stad der læring skjer i eit miljø prega av trivsel, tryggleik, ansvar og respekt.

Overordna verdjar

- Vi vil at elevar og vaksne skal ha det trygt og godt på skulen og skulevegen og rettar oss derfor etter reglar og ordningar som skule og heim har fastsett.
- Vi er alle like verdfulle og derfor viser vi kvarandre omsyn, respekt og omsorg.
- Vi tar vare på skulen og tinga våre. Derfor lar vi andre sin eigedom vere i fred og stiller fint med skulen og tinga som høyrer den og andre til.
- Vi har alle medansvar for eiga læring og ansvar for å skape gode læringsmiljø.

Ordensreglar ved Emblem skule og SFØ

- **Forventa atferd:** Plakatlar vert hengt opp på ulike stader og skal minne på kva for atferd vi ynskjer. Forventa atferd skal jamnleg vere tema på trinna og i klassane. Positiv atferd skal sjåast og tilbakemeldast til elevane.
- **Mobbing,** diskriminering og anna krenkjande atferd er ikkje tillate.
- **Skulevegen:** Vi held oss til trafikkregeane. Av endring i Opplæringslova § 12.1, pkt. d) av 20 aug. 2015, er det foreldra sitt ansvar å vurdere om barna kan sykle til skulen. Det inneber at foreldra sjølv må vurdere om skulevegen er trafikkarlig og elevane si vurderingsevnei trafikken. Det blir forventa at foreldra påser at naudsynt sikringsutstyr (bruk av hjelm, lykt mm) vert brukt og at utstyr er i forskriftsmessig stand. Det er Trygg Trafikk sitt råd at barn under 10-12 år ikkje sykklar åleine i trafikken på grunn av manglande evne til å lese og vurdere trafikkbildet. Emblem skule rår difor til at sykling til og frå skulen kan skje frå 5. trinn. Syklane skal stå på tilvist stad i skuletida.
Emblem skule og Ålesund kommune kan ikkje haldast ansvarleg utover det som blir dekt av forsikringa dersom elevane sykler i strid med skulens råd.
- **Arena for aktiviteter:** Ballaktivitetar som fotball, basket, volleyball, handball og døball skal gå føre seg på faste arenaer. Ballingen kan brukast i periodar etter avtale. Rullebrett/ rulleskøyter er tillate på tilvist stad. NB Skriftleg samtykke frå foreldre/føresette. Elever i 7.kl. kan bruke rullebrett på tilvist stad ned bakken til klubbhuset, dersom det blir brukt hjelm. Vinter- ordningar: Snøballkasting skal berre skje mot oppsette blinkar. Aking med akebrett utan ski eller liknande er tillatt i akebakken. Kjelkar og akebrett med meiar er berre tillatt etter avtale med ansvarleg lærar/ assistent. Spark og skiaktivitet kan skje rundt skulen. Sjå plakat om Vinteraktivitetar.
- **Friminutta:** Det er vakt ute på skuleområdet kvar morgon frå klokka 08.20 til 08.30. I dei 2 friminutta er det mellom 3 og 4 vakter ute. Vaktene skal ha på seg gule vestar for betre å kunne sjåast. Elevane skal vere ute i friminutta. Lærar/ assistent kan i visse høve gi gruppa/ klassa løyve til å vere inne. Då er lærar eller assistent sjølv ansvarleg for tilsynet.
- **Mobiltelefon:** Mobiltelefonar som er tekne med til skulen, skal vere slått av og ligge i skulesekken heile skuledagen. Telefonen skal ikkje takast fram på skulen sitt område.
- **Snop:** Snop, som tyggis og anna godteri, skal ikkje takast med på skulen. Unnatak er skuleturar og liknande der lærar gjer avtalar med si gruppe.
- **Skuleområdet:** Elevane skal vite kvar skulen sine grenser går og halde seg innanfor grensene i skuletida!
- **Vi vil fremje helse og trivsel og nyttar ikkje alkohol, tobakk og andre rusmiddel på skulen**

Konsekvenser ved brot på ordensreglane ved Emblein skule og SFO

- Brot på ordensreglane vil kunne påverke undervegs- og halvårsvurdering i orden og åtfærd
- munnleg markering og samtale frå vakt/ vaksen
- informasjon til kontaktlærar leiar i SFO
- informasjon til heimen frå kontaktlærar/ leiar i SFO. Primært telefon, sekundært brev
- inndraging av privilegier. Ved brot på regelen om bruk av mobiltelefon, vert telefonen inndratt og kan hentast av føresette etter skuletid.
- ta igjen tapt arbeid i friminutt eller etter ordinær skuletid (foreldre/føresette skal informerast)
- eleven kan overførast til anna tilsyn eller aktivitet for resten av timen/dagen
- eleven må bli henta av foreldre/føresette
- eleven kan få pause på anna tidspunkt enn andre elevar/vere inne i friminuttet
- samtale med rektor
- bortvisning frå einskildtimar eller resten av dagen. Det er berre rektor, som etter samtale med lærarane og eleven, viser bort ein elev. Foreldra skal alltid varslast før bortvising skjer.
- eleven kan overførast til anna tilsyn/gruppe for ein periode